

Notat

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 10.06.2009
Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
Sakshandsamar: Terje Arne Krokvik
Saka gjeld: **Prosjekt pasientreiser – økonomisk konsekvens**

Styresak 061/09 O

Styremøte 24.06. 2009

Administrerende direktør si orientering pkt 7

Helse Vest har i budsjettopplegget for 2009 lagt til grunn ein føresetnad om at kostnader til prosjekt Pasientreiser blir dekt av Helse- og omsorgsdepartementet. I brev av 05.06.2009 frå departementet blir det no stadfesta at kostnaden til prosjektet må finansierast innanfor dei regionale helseføretaka sine økonomiske rammer.

Helse Vest har i budsjettet lagt til grunn ei kostnadsdekning på kr 25 mill frå departementet. Samtidig var det ein usikkerheit rundt denne posten og Helse Vest har derfor tatt høgde for ein kostnad på kr 18,8 mill ut over kr 25 mill. Konsekvensane av dette er at det no sannsynlegvis er ei budsjettmessig underdekning på om lag kr 6,2 mill som må finansierast innanfor reserven i Helse Vest.

Vedlagt følgjer brev frå Helse- og omsorgsdepartementet datert 05.06.2009.